



# Tryggheimhelsing



Åpningsfest  
s. 4



Jubilantar  
s. 8-10



Skuleval  
s. 4-5



Ungdomsskulen på tur til Horve

s.7

# Rektor har ordet



## Ein vital 94-åring, ein livskraftig 30-åring og ein ung og frisk 8-åring som planlegg nye skulelokale...

*Det yrer av liv på Tryggheim denne hausten. Her spring 484 elevar på vidaregåande og 201 elevar på ungdomsskulen inn og ut av klasserom, kantine og internat. Her er mange elevar, og mykje å glede seg over.*

### **Tryggheim vgs, ein livskraftig 30-åring**

Tryggheim vgs er 30 år! Det vart markert på opningsfesten i haust. Vi gratulerer! Det var ein vellukka overgang frå folkehøgskule til vidaregåande skule i 1983. Ei viktig årsak til det var at Tryggheim vgs ville vidareføre praktiske fag i sitt utdanningstilbod. Heilt sidan starten har skulen hatt dei fire utdanningsprogramma Bygg- og anleggsteknikk, Helse- og oppvekstfag, Elektrofag og Studiespesialisering.

Men det byrja som Tryggheim ungdomsskule i 1919. Sven Foldøen var sentral både for å få dette til og i innsamlingsaksjonen som følgde. Heilt sidan oppstarten i 1919 har Tryggheim funne velvilje hjå misjonsfolket. Tryggheim blei starta i tru til at Gud hadde ein plan med denne skulen, og vi kan ikkje sjå at kallet er trekt attende og planen fullført.

Vårt kall er framleis å vere tydelege på vår kristne verdiforankring og kulturarv. Vi vart minte om det ved skulestart eit år: Ein kristen skule – det er ein plass der

Skaparen og Skaparens ord regjerer. Vi vart minte om 2. Tess 3,1: "Be ... om at Herrens ord må få fritt løp og haldast i ære ..." Det er eit bønneemne for Tryggheim, også for 8-åringen Tryggheim ungdomsskule som har 201 elevar og behov for større skulelokale.

### **Visjonær samhandling**

Skulen sin eigar, Misjonssambandet, har heilt sidan starten ønskt å vere ein aktiv skuleeigar. NLM har både sentralt og lokalt stått med i arbeidet gjennom oppfølging og personalsamlingar og villig sendt representantar og forkynnarar til Tryggheim. I haust vart det invitert til kurs for nyttilsette på skulane i Region Sørvest. Ca. 60 nye frå dei to siste åra fekk på Danielson ungdomsskule Haugesund høyre engasjerte og interessante innspel både frå Lars Johan Danielsen, Anker Gunnar Turøy og regionleiar Hans Bergane. På det årlege rektormøtet i september på Fjellhaug kurs- og konferansesenter fekk friskulane saman med leiarar, Ung-leiarar og administrasjonsleiarar i regionane drøfte skulestrategien og setje mål for

arbeidet. Vidare inviterer Region Sørvest 18. – 19. oktober styre og representantar frå skulane til skulekonferanse på Utsyn. Også dette er eit positivt og motiverande initiativ både for å løfte skulestyrearbeidet og for å setje friskule på dagsorden. Rekruttering av nye medarbeidarar er også i fokus – her må vi knytte kontaktar og jobbe langsiktig.

Det er framleis behov for visjonær samhandling mellom skulane og eigaren. Ein viktig ressurs som eigar kan gje skulane er å halde fram kva vi vil, kva som ber oss og kvifor. Difor er det ønskje om eit aktivt eigarskap - det må vere samsvar mellom skulen og eigar sine verdiar. Og skulane treng misjonsfolket – deira engasjement, omsorg og forbøn. «Møt dei, informer dei og reklamer for skulen!» har generalsekretær Øyvind Åsland sagt. Det gjeld rekruttering, og det gjeld å halde visjonen levande også lokalt.

### **Vg2-turar til Polen/Tyskland/Tsjekkia og Israel**

Når Tryggheimhelsing går i trykken, tek ca. 120 elevar av stad på Vg2-tur til Polen, Tyskland og Tsjekkia. Samstundes flyg ca. 50 elevar endå lenger sør til Israel. Det vert begge flotte samansveisningsturar med både mykje morosamt og sterke opplevingar.

### **Indonesia kallar**

Også i år vart det oppstartshelg på Tonstadli for Tryggheimrussen som i år tel 120! I bussen, på fjelltur til Stakkhom, i idrettshallen, på tunet og hjå bakaren på Tonstad fekk dei sveisa seg godt saman. Elevane har valt misjonsprosjekt i Indonesia, og mange av dei legg snart inn gode søknader om å få vere dei utvalte til å vitje Asia. Saman med Tryggheim ungdomsskule er det samla inn ca. 1 mill. kr fire år på rad til meningsfulle misjonsprosjekt – imponerande!

### **Såkornet vert kasta ut**

I skrivande stund har vi møteserie med Sverre Hovda og Magne Birkedal. Det er stort når ungdomane møter opp kveld etter kveld, og også stoppar igjen til samtale! I dette flotte skulearbeidet gjer miljøarbeidarane Elisabeth og Georg ein sjeldan innsats for elevane, før, under og etter møta, og på fritida. Sjekk [www.tryggheim.no](http://www.tryggheim.no) for mykje flott info om kvardagen vår.

"Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal" Salomos Ordspråk 22,6. Dette vart vi minna om på bønemøtet i dag tidleg. Takk for omsorg og forbøn!

Gjermund Viste



## Å traske blant sauer...

Jeg har lenge hatt et ansent forhold til sauer. De skal visstnok være ålreite dyr, men jeg ser ikke noe som helst sjarm i disse vandrende ulldottene før de har skiftet navn til f.eks. fårikål, frikassé med lys saus eller urtemarinert lammelår med hvitløk og sjysaus – og jeg husker jeg var utrolig godt fornøyd som far da jeg en gang for en del år siden var ute og gikk tur med den eldste jenta mi som da var 3-4 år. Vi gikk forbi et jorde med mange sauer og hun stoppet, så på sauene og sa "Se så mye flott fårikål." Slik sett går vi nok en gang en fantastisk flott høst i møte – om en ikke skulle være så uheldig å være sau...

Hvis en har dette som utgangspunkt – med tanke på mitt forhold til sauer, så kan det være en utfordring å lese enkelte

delar av Bibelen. Her vil du finne flere fortellinger hvor Jesus sammenligner oss som er kristne med sauer. En av disse finner du i Johannes 10, hvor Jesus snakker om seg selv som den gode gjeteren – han som er så glad i sauene at han er villig til å gi livet for å redde dem fra fare. I teksten sier Jesus blant annet at "jeg kjenner mine og mine kjenner meg." Jesus gav sitt liv for deg og meg, men det var ikke mot bedre vitende. Han kjenner oss, og derfor gav han sitt liv. I 1. Korinterne 13,12 står det enda klarere: "Jeg er fullt ut kjent av Gud." En fantastisk tanke – å være fullt ut kjent og likevel være fullt ut elsket. Da må jeg nok gå litt i meg selv og revurdere mitt forhold til sauer. Det er faktisk ikke bare ålreit å være sau, nei det er helt nødvendig og fantastisk å være sau – når Jesus er gjeteren.



Harald Vaage

## Trippel-lappen

**Det er ikkje uvanleg for ein 18-åring å skaffe seg bilsertifikatet. At det skjer på 18-årsdagen er heller ikkje spesielt. Men at tre søsken køyrer opp og får det etterlengta lyseraude kortet på same dag, er uvanleg. Attpåtil på deira felles 18-årsdag.**

■ Tekst og foto: Bjørg Topnes

Dagen dei måtte gire seg, var fredag 23. august 2013. Trillingane Marta, Karsten og Kjellaug Skrettingland frå Varhaug blei melde opp samstundes og fekk oppkøyring på same dag. Tryggheimhelsing har klart å samle to av dei til ein liten prat.

- Tidspunktet var tilfeldig, fortel Marta og Karsten. Karsten var først ut og i elden alt ved frukosttider. Jentene måtte halde ut til etter lunsj før dei fekk setje seg til rette i førarsetet attmed sensor.



Marta og Karsten med lappen og bilen.

Det var i Egersund det føregjekk. Karsten fekk landevegskøyring, medan Marta køyrde i byen med tilhøyrande parkering og bakking. Sensoren var den same for alle tre – ei koseleg dame, og den seksti minutt lange økta var ikkje særleg pinefull, påstår dei. Fartsgrenser og vikeplikt skapte heller ikkje problem.

Men Karsten hadde eit visst press på seg. Han hadde lova eit par kameratar skyss

til russehelga på Tonstad same dag. Det løftet kunne han halda.

Køyrerøy manglar det ikkje på. Ein gull-metallic Golf stod klar til Karsten, medan jentene deler på ein raud doning lånt av foreldra.

Begge har nådd målet sitt. Marta har fått lappen, og Karsten hadde ikkje flest køyrerimar. Køyr forsiktig, seier vi.

# Åpningsfest på Tryggheim vgs – for 30. gang!



Det ble mat nok til alle.

Geir serverte en haug med hamburgere og salat denne kvelden.

■ Tekst og foto: Anne-Berit G. Aanestad

Årets åpningsfest ble også en slags jubileumsfest - i år er det nemlig 30 år siden Tryggheim ble videregående skole. Det er én lærer som har vært ansatt her i alle disse årene, og det er Kirsten Lea Gausland. Hun var også en av ildsjelene bak omleggingen av Tryggheim fra folkehøyskole til videregående skole, en visjon som altså ble realisert høsten 1983.

Festtaler lørdag 17. august var rektor Lars Johan Danielsen, og det passet spesielt godt, siden han var Kirstens første rektor da hun begynte som nyutdannet lærer ved Daniel- sen videregående skole i Bergen. Lars Johan Danielsen har vært lærer i 40 år og rektor i 35 av dem. Siden det nettopp var Kirsten som ledet årets åpningsfest, ble det et munt- tert gjensyn mellom de to på talerstolen. Tema for kvelden var «Himmel over livet», et tema også Danielsen konsentrerte talen sin om.

Festens eminente husorkester bestod av Silje Stensland på piano, Trond Brandal på bass, Derek Cooper på gitar og Karsten Skrettingland på trommer. Forsangere var Anna Malde og Elise Neverdal. Alle sammen elever, selvfølgelig.

Personalet, nærmere bestemt åtte kjøk- kenmedarbeidere, medvirket i en festlig åpningsfilm laget av kjøkkenassistent Ellen Ånestad.

Mot slutten av festen ble hver klasse ropt opp og en etter en vandret klassene ut av møtesalen sammen med kontaktlæreren sin. Nå var det nemlig tid for årets første «skoledag»!

Som vanlig i senere år var møtesal og gymsal fullsatt til siste plass og ennå litt mer. Ekstra stoler måtte hentes, og fortsatt måtte de som kom etter at festen hadde begynt, finne seg i ståplasser langs veggene. Men kjøkkenet var heldigvis godt forberedt, og det ble nok mat til alle.



## FESTLIGE FAKTA:

**Til stede på festen:** Ca. 1100

**Maten som ble servert:**

- 100 kg karbonader og 1050 hamburgerbrød  
- Salat laget av 45 kinakål, 45 agurker, 7½ kg paprika, 9,2 kg mais og 9,2 kg ananas.  
- 500 lefser, 200 boller, 120 kanelruller, 30 kringlestenger og 14 store langpannekaker.  
I tillegg gikk det med 110 liter kaffe og bønnevis med saft

**Antall elever i år:** 484 hvorav 190 bor på internatet

**Minste klasse:** Vg2 Treteknikk med bare to elever

**Største klasse:** 1STA med 33 elever i engelsktimene (ellers 31 elever)

**Antall fylker elevene represente- rer:** 15, dvs. at det kun er 4 fylker som ikke har sendt elever til Tryggheim

**Elever som har reist lengst for å komme hit:** To elever kommer fra Svalbard, og det vil si at hele 20% av klassen fra skolen i Longyearbyen valgte Tryggheim!

**Høyeste ansatte:** Effåring Georg Kolnes måler 207 cm på strømpelasten

**Mest utholdende ansatte:** Skolesekre- tær Aud Bodil Voll har vært ansatt ved Tryggheim siden 1974, det vil si at hun har arbeidet i to skoleslag og opplevd til sammen åtte rektorer!

# Skulevalet

Tryggheim vgs arrangerte valborg og skuleval i slutten av august. Anne Lise Hegelstad Flatebø organiserte det heile.

■ Tekst: Bjørg Topnes

■ Foto: Anne Lise Hegelstad Flatebø

Solide 94 % av elevflokket på videregå- ande røysta, og resultatet var ikkje noka bombe. KrF fekk godt 50 % av røystene. Høgre gjekk fram, medan FrP kanskje hadde venta noko betre oppslutnad.

- Poenget er å gjere ungdommen sam- funnsengasjert og utruste dei til å ta stand- punkt, seier Anne Lise og understrekar at politikarbesøk er viktig i så måte.

Elevane tok valet seriøst. Stemninga i val- lokalet var verdig og alvorleg. Fem elevar frå vg3 samt to lærarar passa på at alt gjekk rett for seg. Ingen røyster vart forkasta.

Dagen før hadde alle fått sjansen til å orientere seg på valtorget. Partia og politi- karane tok oppstilling i gymsalen, og gav tilbakemelding om at elevane hadde stilt gode spørsmål, både enkle og vanskelege. Dei hadde blitt utfordra og møtt på ein god måte.

- I etterkant er det viktig at elevrådet får evaluere både valtorget og skulevalet. Valtorget gir moglegheit til eit personleg og direkte møte med ein politikar, men kanskje må vi ha ein paneldebatt i tillegg neste gong. No ser det ut til at politikarane i større grad er blitt drillta i å leggje fram synet sitt.

Men Anne Lise trur ikkje ein debatt ville gitt særleg store utslag på valresultatet. Statistikken på samfunnsveven.no syner at KrF har hatt ein jamn oppslutnad på 50-60 % på Tryggheim sidan 1989.

Skulevalresultatet på Tryggheim v.g.s. 2013

Parti	Stemmer	%	Endring i % frå 2011
KrF	232	52,8	+2,4
Høgre	76	17,3	+2,6
FrP	40	9,1	-1,5
De Kristne	18	4,1	-
Sp	17	3,9	-3,3
Arbeiderpartiet	13	3,0	-0,9
Piratpartiet	9	2,1	-
Miljøpartiet De Grønne	8	1,8	+1,1
Rødt	8	1,8	+0,1
SV	4	0,9	-0,1
Venstre	3	0,7	-1,5
Demokratene	3	0,7	+0,5
Andre	8	1,8	-

Kjelder: Samfunnsveven.no

# Nye medarbeidarar



Miljøpartiet De Grønne har hatt vind i segla.



Ungdomspartia var godt representerte på valtorget.



Vg2-elevar i drøs med AUF-politikarar.



## Vegard Ask

er her frå Nærbø og har kort veg til arbeidsstaden.

- Han er 25 år gammal
- Han underviser i samfunnsfag og historie
- Han elsker absurde mengder ananas
- Han brenn for at alle elevar skal bli sett og høyrde og oppleva læring og meistring på sitt nivå.



## Bjørn Anders Bøe

er frå Egersund og bur framleis i «okka by».

- Han må difor stå tidleg opp.
- Han er 24 år gammal
- Han er lærar og ser til at komande generasjonar skjønar engelsk og naturfag
- Han likar pinnekjøtt og italiensk mat
- Han er oppteken av læringsmiljøet.



## Elisabeth Egeland

er Sandnes-jente, men bur no i Krossmyra, tett ved Tryggheim.

- Ho er 20 år gammal
- Ho er tilsett som miljøarbeidar
- Ho likar pinnekjøtt
- Ho skal vera i miljøet med elevane og brenn dermed for å skapa eit godt fellesskap på Tryggheim, og at elevane kan få bli kjende med Jesus.



## Elisabeth Lotherington Steinsland

er frå Talgje i Finnøy, men bur no på Nærbø.

- Ho er 27 år gammal
- Ho er lærar i 85% stilling (blant anna i spansk) og musikkansvarleg i 15%
- Ho likar heimelaga tapas.
- Ho er oppteken av at folk rundt henne skal ha det bra. I tillegg har ho eit sterkt ønskje om å medverka til at elevane på Tryggheim lærer mykje, og til at dei kan møta Jesus og bli verande i trua på han. - For han er jo faktisk den einaste vegen til himmelen!



## Anne Berit Hompland

er ekte sirdøl, men bur no i ei av Tryggheim sine leilegheiter.

- Ho er 25 år gammal
- Ho underviser i matematikk
- Ho likar aller best mamma sine komper
- Ho valde å søkja jobb på Tryggheim fordi ho ønskjer å kombinera yrket sitt med å fortelja om Jesus. Ho brenn for at lærarane på Tryggheim må vera vitne for elevane



## Georg Kolnes

lærte å lesa i Ølensvåg, men bur no i Krossmyra, like ved Tryggheim.

- Han er 21 år gammal
- Han er miljøarbeidar
- Han kosar seg med steikte grønsaker, fløytegratinerte poteter og eit stort, fint biffstykke
- Han brenn for at ungdom skal kjenna at dei har eit fellesskap å koma til, eit kristeleg fellesskap, eit idrettsfellesskap osv. Han ønskjer at dei får kjenna at dei har mange rundt seg som bryr seg.



## Ingrid Reilstad

er frå Ganddal og bur no på Sandved.

- Ho er 48 år gammal
- Ho er lærar i helse- og oppvekstfag
- Ho likar komle
- Ho er veldig oppteken av læring og tilhøvet mellom lærar og elev.



## Stig Hoberstad

kjem frå og bur på Varhaug. Stig kom hit til Tryggheim allereie i januar, men har ikkje vore presentert i Tryggheimhelsing før.

- Han er 37 år gammal
- Han underviser i elektrofag
- Han likar godt lapskaus

# Det går på skinner

For nesten ein fjerdedel av elevane ved Tryggheim ungdomsskule er Jærbanen sin togkupé ein fast del av kvardagen. Ikkje noko problem i det heile, skal ein tru fire ferske åttandeklassingar.

■ Av Knut Reier Indrebø

Klokka er 07.29 på Klepp stasjon ein torsdag morgon, og det er livleg på togstasjonen. Mellom dei som ventar på sørgående tog på meir eller mindre faste plassar, er fire ungdomsskuleelevar på veg til Tryggheim. Sjølv om dei berre har vore åttandeklassingar nokre veker, har rutinane byrja å setja seg for Martin Bore, Karianne Kverme, Simon Tønnessen og Liv Maria Aase.

Togsettet nordfrå skilir inn på stasjonen, og kvartetten får med seg både ranslar, sparkeyklar og gymbagar inn i trengsla i togkupeen. Det blir ståplass også denne dagen, i alle fall fram til Bryne. Togreisa tur/retur Nærbo er stort sett lik kvar skuledag, og er ikkje noko stort problem, skal me tru dei fire.

- Dei andre ungdomsskuleelevarane frå Klepp stasjon møtest også klokka halv åtte for å sykla opp til deira skule på Kleppe, så det er ikkje så stor forskjell når det gjeld tidsbruken i alle fall, seier Martin.



Etter Bryne stasjon vert det meir romsleg, og dei fire set seg ned saman. Også det har visstnok blitt rutine. Praten går, og det er ikkje lenge før Nærbo stasjon blir ropt opp på anlegget, heilt i rute.

- Me har ikkje opplevd at toget har vore særleg mykje forseinka så langt, i alle fall. Så det har ikkje vore noko problem å rekka skulen. Dessutan har me god tid om morgonen, og når me i tillegg har sparkesyklar, er det heilt greitt, seier Simon og Martin.

Då er det verre med heimturen, då er det

*Faste rutinar og faste plassar. Dei fire 8.-klassingane sit som regel saman dei 15 minuttane det tek frå Klepp stasjon til Nærbo.*

om å gjera å skunda seg for å rekka toget nordover att. Dei første dagane hadde ikkje rutinane kome heilt på plass, og Liv Maria, Martin og Simon opplevde alle å mista toget. Men det går alltid eit nytt tog, i alle fall kvar halvtime ...

45 av 201 elevar ved ungdomsskulen reiser til og frå skulen med toget. 44 vert skyssa med buss. Både buss- og togrutene er difor avgjerande for korleis skulen organiserer skuledagen.

## Nye tilsette på Tryggheim ungdomsskule



### Jan-Magne Aanestad

#### - Kva har du gjort før i livet?

- I ein alder av 41 år har eg gjort mange forskjellige ting i livet mitt. Eg har jobba som gartner, som fengselsvaktar, har arbeidd innan psykiatri, og vore treningsrettleiar. Men det viktigaste i mitt liv er å leva etter Guds ord! «Kjære Gud, hjelp meg å leva som ein kristen». Dette er ei bønn som eg også tek med meg kvar dag.

#### - Kva gjer du helst når du har fri?

- Bruker mykje tid med familien min. Eg likar å vere i fysisk aktivitet, med både sykling, jogging, og turar i skog og mark.

#### - Den beste læraren du sjølv har hatt: Korleis var han/ho?

- Den beste læraren eg har hatt var ein som

heiter Dag frå vidaregåande. Han var ei god blanding mellom å vere veldig streng, men også veldig snill. Han var tydeleg i timane, og brukte lang tid slik at elevane skulle forstå.

#### - Korleis vil du helst ha komla servert?

- Komla må ikkje vera for stor, treng ikkje vera med «dott» i. Tilbehør: MYKJE bacon, litt kjøt, kålrotstappa og gulerøter. Til drikka må eg ha kulturmjølk.

#### - Favorittfilm?

- Det var eit vanskeleg spørsmål som eg ikkje klarer å svare på. Eg elsker å sjå ein god film. Aller helst ein god psykologisk thriller med ein uventa slutt. Den siste filmen eg såg var «Pioner». Gir han terningkast 4.

#### - Kor fort spring du 60-meteren?

- Eg er ikkje lenger ein raser i å springa fort. Men i ungdommen (altså for nokre få månader sidan) sprang eg på ca. 9 blank.

### Liv Velde Hovtun

#### - Kva har du gjort før i livet?

- Eg har vore lærar i ulike skuleslag. No kjem eg frå Vasshus skule i Klepp kommune.

#### - Kva fag har du no?

- Norsk, samfunnsfag og musikk

#### - Kva gjer du helst når du har fri?

- Då jobbar eg gjerne i hagen vi har på Tau.

#### - Den beste læraren du sjølv har hatt: Korleis var han/ho?

- Han var rettferdig. Han såg kvar ein skild elev og kravde noko av oss.

#### - Korleis vil du helst ha komla servert?

- Komle med salt kjøt og kålribastappe. Kulturmjølk til drikke.

#### - Favorittfilm?

- Det anar eg ikkje.

#### - Kor fort spring du 60-meteren?

- Oi. Det er så lenge sidan...



# Klare for «take-off»

Ny skule, nye lærarar, nye rutinar og nye medelevar. Det kan vera utfordrande med ein ny skule for nokon og ein kvar. På Tryggheim ungdomsskule er samanristingsturen til Horve eit viktig verktøy for å rusta elevane til ei smidig og luftig ferd gjennom ungdomsskuleåra.

■ Tekst: Berit Høyland Bø

19. august var det igjen klart for 60 nye 8.-klassingar å ta til ved ungdomsskulen. For mange var det eit stort steg å ta. Siste året har dei vore eldst på forskjellige barneskular, så vert dei etter ein god sommarferie dei minste på ein heilt ny skule. Vil eg koma i klasse med nokon eg kjenner? Vert det mykje lekser? Korleis vert det med karakterar? Endå eit spørsmål vart aktuelt berre to dagar etter alt det nye: Kjem eg på rom med dei eg vil under oppstartsturen til Horve? Målet med turen var å verta godt kjende med nye medelevar og lærarar. Veret viste seg frå si beste side, og det vart ei forlenging av sommaren.

## Livlig på dagen, stilt om natta

Horve har mykje å by på av aktivitetar, og lærarane som planla uteaktivitetane tok skikkeleg i. Då kvelden kom var alle så fylde av frisk luft og fysisk aktivitet, at dei veldige nattlege aktivitetane vart det ikkje for mykje av. Den lengste turen første dagen gjekk til Vårlivarden. Elevane fekk ein god tur, og god kjennskap til myrlendt terreng.



Grappa skal kamuflere seg.

Elles var det padling, bading, fotball, basket, sporleik, gode matøtter, samlingsstunder og god drøs innimellom. Kvar gruppe laga sin «rap» under sporleiken. Desse vart framførte til stor glede for alle andre. Mykje lått og løye, og synet av nye vennskap som vart knytte var flott å sjå. Det er fint å sjå korleis ungdommar som nettopp har møtt kvarandre, kan lyfta kvarandre på fotballbanen, i utfordrande postar på sporleiken, eller i kanoane.

## Eit godt utgangspunkt

Ungdommane som kom heim, hadde fått nye kjende, og møtte på skulen veka etter klare til å prøva å finna ut av nye lekseplanar og Tryggheim sitt skuleområde. Etter to veker med vanleg skulegang seier nokre av elevane dette om kva dei sit att med etter turen til Horve, og kva dei tenkjer om tida framover med vanlege skuledagar. Tore seier at badinga og samlingane i peisestova om kvelden var noko av det gildaste. Runar likte å spela basketball, og nemner at det var gildt å få nye venner. Hanne synest heile Horveturen var veldig kjekk, og nemner og det å få nye venner som noko av det flotte ved turen. Fleire av dei andre elevane seier og at det har vore gildt å byrja på ny skule. Mange gler seg til skuledagen, for då får dei treffa dei nye vennene dei har fått.



Trøbåtar og kanoar vart mykje brukt.



Konsentrasjon om løysing av oppgåver.

# ELEVSTEMNET 2013

■ Tekst og foto: Torleiv Haus

Elevstemnet for tidlegare Tryggheim-elevar var i år frå 9. til 11. august. Dei som gjekk her for 50 og 60 år sidan, kom på fredagen, medan dei andre kom til kaffien på laurdag. Programmet for helga

var omtrent som før, men før festen om kvelden på laurdag hadde «Red River» ein minikonserert.

40-årsjubilanten Anders Olsen heldt talen på laurdag og trekte mellom anna fram nokre minne frå året på Tryggheim. Mange

møtte også opp til sundagsmøtet, der rektor Gjermund Viste talte over dagens tekst. Etter ein god middag såg det ut til at jublantane reiste nøgde heim.

Elevstemnet vert kvart år arrangert siste helga før skulestart. På heimesida til skulen vil du etter kvart finna informasjon om stemnet neste år.



10-årsjubilarantar



20-årsjubilarantar





30-årsjubilar



40-årsjubilar



50-årsjubilar



60-årsjubilar

## Tryggheimkalender

### OKTOBER

Man. 7. – fre.11. Høstferie

### NOVEMBER

Fre. 1. Operasjon misjonsprosjekt  
Lør. 9. Foreldredag og russebasar, obligatorisk skoledag  
Søn. 10. – søn. 17. Møteuker  
Man. 18. Åpen dag

## TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Ingvar Fløysvik  
Knut Handeland  
Björg Topnes  
e-postadresse: post@tryggheim.no  
Kasserer: Aud Bodil Voll  
Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626  
Trykk: Lura trykkeri AS  
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

## Visste du at...



**Signe Elisabeth Gard** (ST 06-09) og Tormod Ytreland giftet seg 15. juni.  
**Eline Gudmestad** (ST 08-11) og **Svein Ånestad** (BA 07-08) giftet seg 22. juni.  
**Gry Ingvaldstad** (HS/PB 06-09) og **Arne Håkon Riskedal** (EL/PB 01-04) giftet seg 22. juni.  
**Lillian Larsen** (ST 07-10) og **Peter Simon Bø** (ST 07-10) giftet seg 22. juni.  
**Mari Ask** (ST 07-10) og Tom Roar Helland giftet seg 22. juni.  
**Ingrid Berland** (ST 07-10) og Ole Johan Risa giftet seg 29. juni.  
**Tonje Sembsmoen** (HS/PB 10-13) og Sebastian Lillereiten giftet seg 6. juli.  
**Katrine Holta** (HS/BU 09-11) og **Hans Christian Hellestø** (ST 08-11) giftet seg 13. juli.  
**Anna Aarsland** (HS/PB 10-13) og **Bjarte Gard** (BA 07-09) giftet seg 20. juli.  
**Ane Eggebø** (HS/PB 08-11) og Erlend Haddeland giftet seg 27. juli.  
**Ragnhild Håskjold Steinbru** (AF 03-06) og Nils-Ove Støbakk giftet seg 27. juli.  
**Rannveig Laugaland** (AF 04-07) og Lars Ove Frette giftet seg 27. juli.  
**Therese Skåland** (AF 06-09) og Rudi Bjørkeland giftet seg 27. juli.  
**Dagbjørg Røgenes** (ST 02-05) og Richard Barkved giftet seg 2. august.  
**Karina Lund** (PB 09 -10) og **Kjartan Eggebø** (BA 07-08+PB 09-10) giftet seg 10. august.  
**Anne Randi Helgøy** (AF 98-01) og Eimund Fjeldskaar giftet seg 10. august.  
**Gerd Julie Nærland** (ST 09-12) og **Rune Lode** (AF 03-06) giftet seg 17. august.

## Vi gratulerer!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss beskjed om det. Send en e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no) eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

## Kveldsbibelskolen hausten 2013

### September

17. Magne Vatland: Profeten Elia - et menneske under samme kår som vi.  
24. Ole Andreas Meling: Salomos høysang

### Oktober

01. Ole Andreas Meling: Salomos høysang  
15. Einar Krogedal: På troens arena. Hebr. 12,1-11.  
22. Einar Krogedal: På troens arena. Hebr. 12,1-11.  
29. Enok Thorsen: 2. Timoteus brev

### November

05. Enok Thorsen: 2. Timoteus brev.  
12. Enok Kråkenes: Hovedtanker i Efeserbrevet.  
19. Enok Kråkenes: Hovedtanker i Efeserbrevet.

Det er to bibeltimar kvar gong frå kl. 19.00 - 21.00 med kaffipause. Møta vert i daglegstova. Du er hjarteleg velkomen til ein eller fleire kveldar!

# Planleggingsdag med fromme fråspark

I Tryggheim-kretsar har uttrykket «from» gjerne litt andre assosiasjonar enn dei pedagogiske vyane BI-professor Johan From serverte ei fullsett daglegstove på den eine av planleggingsdagane denne hausten.



Daglegstova var fylt godt opp då Johan From besøkte Tryggheim i august.

■ Tekst: Sofie Braut, Foto: Gjermund Viste

BI-professoren, som til dagleg arbeider innan fagfeltet skuleutvikling, var invitert for å kasta lys på det som gjerne kan kallast lærarkrets indrefilet, nemleg spørsmålet kva skapar læringsresultat. Er det noko pedagogar bør vera interesserte i ved inngangen til eit nytt skuleår, så er det innspel til kva ein kan gjera for å auka læringa og å få ny innsikt i kva som byggjer bruer til dei unge i klasserommet. Det var først og fremst klasserommet From var oppteken av i dei romslege øktene han hadde til disposisjon, noko som vart understreka av den andre vignetten: det pedagogiske læringsmiljøet. Ein av berebjelkane i tankegangen hans var at absolutt alle barn og unge i skulen skal få høve til å utnytta det potensialet dei har - uansett kva bakgrunn dei måtte ha.

From presenterte aktuell og dominerande forskning innan pedagogikk og evna å utfor-

dra og engasjera ei forsamling av ungdomsskule- og vgs-lærarar som også slapp til med spørsmål og innspel. Og det er ikkje eit nytt brygg professoren hadde koka i hop for å få skulen i betre form. Tvert imot var han svært tydeleg på at det er mykje å henta på å refokusera på det grunnleggjande ved læring - relasjonen mellom elev og lærar, god undervegsvurdering og god struktur på klasseromsleinga.

Med utsegn av typen «lærarutdanninga i dag er sørgjeleg», «det er berre gammal vane og slump som gjer at lærarar finn attende til skulen sin etter den altfor lange sommarferien» og «etterutdanning og kursing er pengar rett ut av vindauget», er det opplagt at From er ein mann som ikkje går av vegen for frisk debatt. Eit hovudfokus på teoretisk utdanning kunne også gje inntrykk av at han hadde mindre syn for dei yrkesfaglege studieprogramma. På desse punkta møtte han innvendingane han inviterte til, og innspela

frå salen vitna om bra med engasjement mellom Tryggheim-lærarane.

Eitt av hovudpoenga i Froms framstilling av skuleforskinga bør dermed vera svært motiverande: ein kan skapa gode resultat med relativt enkle midlar, eller for å seia det med hans eigne ord «det treng ikkje kosta så frykteleg mykje pengar». Relasjonen mellom elev og lærar og lærarens sentrale rolle er to av Froms mantra. I tillegg er han med tallause provokasjonar og småspark mot skuleleiing og «fikse idear» som gjerne dukkar opp i eit skulevesen der mange vil ha handa på rattet, ute etter å utfordra vanetenking og likegyldige nikk. Å få lærarane utfordra og ansvarleggjera oss på klasseromspraksis og elevrelasjon er noko av det som heilt opplagt ligg From på hjarta. Han meiner til dømes at omgrepet undervisning er heilt utdatert, tenk litt på dét. Men det betyr altså ikkje at all opplæring skal opphøyr framover, så noko panikk- og arbeidsløyestemning trengst ikkje mellom personalet. Poenget, slik Johan From ser det, er at det ikkje er undervisninga men heller læringa som kjem i fokus. Undervisning, som me sikkert kan ha erfart nokon og ein kvar, kan surra og gå som ein radio som ingen eigentleg høyrer på. Men når læring skjer, derimot, då er det i gode og engasjerande møte mellom lærar og elev i eit rom prega av varme og orden.

Ein engasjert BI-professor gjev personalet innspel i startgropa for eit nytt skuleår.

